

Kraftsituasjonen veke 53, 2010

Høgaste norske vekeforbruk sia 2001

Det norske kraftforbruket var 3272 GWh i veke 53. Vi må tilbake til vinteren 2001 for å finne ei veke med høgare norsk kraftforbruk. Låge temperaturar forklarar det høge forbruket. Det kaldaste vêret var i Sør-Noreg. I Oslo var snittemperaturen -11,5 grader denne veka.

Sjølv om det kalde vêret bidrog til høgare forbruk enn i fjor dei siste vekene av 2009, har det vore ein betydeleg nedgang i det samla norske årsforbruket jamført med fjoråret. Samanliknar vi forbruket til og med veke 52 i 2009 med tilsvarande periode i 2008, er det norske forbruket 6,8 TWh lågare i 2009. Korrigert til normale temperaturar er nedgangen 8,2 TWh. Over halvparten av denne nedgangen kan forklarast med lågare forbruk i kraftintensiv industri.

Magasinfylling	Ved utgangen av veke 53 var fyllingsgraden i norske magasin 64,5 prosent. Gjennom veka minka fyllingsgraden med 3,1 prosenteningar mot 2,8 prosenteningar veka før. Kaldt vêr med noko høgare produksjon og lågt tilsig førte til større nedgang i fyllingsgraden enn veka før. Magasinfyllinga er 5,3 prosenteningar under medianverdien (medianverdi for veke 1 er nytta som samanlikningsgrunnlag) og 0,2 prosenteningar under fjoråret sitt nivå.
<i>- Framleis stor nedgang i magasinfyllinga i Midt-Noreg</i>	I elspotområde NO1 (Sør-Noreg) var fyllingsgraden 65,4 prosent, ein nedgang på 3,3 prosenteningar frå veka før. Elspotområde NO2 (Midt-Noreg) hadde ei fylling på 52,5 prosent. Det er ein nedgang på 4,1 prosenteningar frå veka før. I elspotområde NO3 (Nord-Noreg) minka fyllingsgraden med 2,3 prosenteningar til 66,1 prosent.
	Svenske magasin hadde ein fyllingsgrad på 54,9 prosent, ein nedgang på 3,3 prosenteningar frå veka før. Magasinfyllinga er 10,1 prosenteningar under medianverdien for veka, men 4,0 prosenteningar over fjoråret sitt nivå.
Vêr og hydrologi	Det nyttbare tilsiget for veke 53 var 0,5 TWh, eller 45 prosent av normalt. Til no i 2009 har tilsiget vore 125 TWh, eller ca 3 TWh meir enn normalt. Basert på dagens meteorologiske prognosar er det i veke 1 i 2010 venta eit energitilsig på 0,4 TWh, eller om lag 40 prosent av normalt.
<i>- Mindre nedbør enn normalt</i>	I veke 53 kom det mest nedbør på kysten av Møre og Romsdal med 50 til 100 mm. I resten av landet kom det lite nedbør. Rekna om til nedbørenergi kom det totalt 1,1 TWh, eller 35 prosent av normalt. Til no i år har nedbørenergien vore 120 TWh, eller ca 2 TWh mindre enn normalt. For veke 1 er det venta lite nedbør i heile landet. Totalt er det venta 0,4 TWh, eller 10 prosent av normalt.
<i>- Kaldt vêr over heile landet</i>	I veke 53 var det kaldt vêr i heile landet med temperaturar 4-10 grader under normalt. I veke 1 er det framleis venta kaldt vêr med temperaturar 4-12 grader under normalt. De største skilnadene er venta i Sør- og Midt-Noreg.
	Totalt for Noreg er det no om lag 30 prosent mindre snø enn normalt. Det er mindre snø enn normalt i store delar av Midt- og Nord-Noreg og i vestlige fjellområde i Sør-Noreg, medan det på Austlandet, i ytre strøk av Sørlandet og langs kysten av Vestlandet er meir snø enn normalt.
Produksjon og forbruk	Det kalde veret bidrog til at det høge nordiske kraftforbruket heldt frem i dei to siste vekene av 2009. Juleferie og noko høgare temperaturar førte til ein nedgang i kraftforbruket i veke 52 samanlikna med veka før. I veke 53 auka det nordiske forbruket igjen. I Noreg var det samla kraftforbruket 3272 GWh. Vi må tilbake til vinteren 2001 for å finne ein veke med høgare norsk forbruk. Det kaldaste veret var i Sør-Noreg, og i denne landsdelen auka forbruket med 17 prosent frå veke 52 til 53. Viss vi samanliknar med veke 1 som inneheldt årsskiftet 2008/09, var det norske forbruket i veke 53 over 300 GWh høgare enn for eit år sia. Forbruket var og betydeleg høgare enn for eit år sia i Sverige og Finland. I Danmark er det mindre endringar da dansk kraft i mindre grad blir brukt til oppvarmingsformål.
<i>- Høgaste norske veke forbruk sia 2001</i>	Kraftproduksjonen auka frå veke 52 til 53 i alle dei nordiske landa så nær

- Høgare svensk kjernekraftproduksjon som i Danmark. Lågare dansk vindkraftproduksjon i veke 53 medverka til ein nedgang på 10 prosent i Danmark. Den norske produksjonen auka med 6 prosent og var 3157 GWh. Den svenske kjernekraftproduksjonen auka med 7 prosent. Noko av auken skuldast høgare kjernekraftproduksjon som følgje av at Forsmark 2 kom tilbake i drift i romjulen.

Utveksling
- Auka nordisk nettoimport Kaldt vêr og høg kraftetterspørsel i Norden medverka til at den nordiske nettoimporten auka dei siste vekene av 2009. I veke 53 var det 226 GWh samla nordisk nettoimport frå Tyskland. Det er 88 GWh meir enn i veka før. Sverige hadde einssidig import frå Tyskland i begge dei to siste vekene. Den norske nettoimporten frå Nederland var 72 GWh i veke 53. Det har berre vore norsk nettoimport frå Nederland i tre veker det siste halvåret av 2009.

-Høg sørnorsk import Den danske importen frå Tyskland vart i stor grad eksportert vidare til Noreg og Sverige. Det var 105 GWh einssidig dansk eksport til Sverige. Den norske nettoimporten frå Danmark var 58 GWh. Stor kraftetterspørsel i Sør-Noreg medverka og til at utvekslinga med Sverige endra seg frå 13 GWh sørnorsk nettoeksport i veke 52 til 74 GWh sørnorsk nettoimport i veke 53. Det var nedgang i eksporten frå Midt-Noreg til Sverige og ein auke i eksporten frå Nord-Noreg til Sverige. Det var framleis høg einssidig svensk nettoimport frå Finland i veke 53, men noko mindre enn i veka før.

Prisar
- Prisauke i veke 53 Lågare kraftetterspørsel i julehelgen medverka til at kraftprisane fall i Norden frå veke 51 til 52. I veke 53 auka vekeprisane igjen. Lite tilsig og høgare etterspørsel medverka til dette. Sør-Noreg og Jylland hadde framleis dei lågaste prisane sist veke, men avstanden til dei andre nordiske elspotområda var mindre samanlikna med veke 51. Finland, Sverige, Midt- og Nord-Noreg har hatt lik pris i alle timane dei tre siste vekene av 2009. I veke 53 var snittprisen 355 kr/MWh i desse områda. Det er noko høgare enn i veke 52 men over 300 kr lågare enn i veke 51. Sjælland hadde framleis høgast pris med 392 kr/MWh. Det er og betydeleg lågare enn to veker tidlegare. I Sør-Noreg var vekeprisen 322 kr/MWh i veke 53. Det er den lågaste prisen i Norden denne veka. Jylland hadde den lågaste prisen i veke 52. Snittprisen var da nede i 245 kr/MWh i dette området, før den auka med 27 prosent til 349 kr/MWh i veke 53. I tillegg til låg etterspørsel og juleferie i veke 52 var det høg dansk vindkraftproduksjon denne veka samanlikna med veka etter.

-Høge prisar på Sjælland På den tyske kraftbørsen EEX var snittprisen 263 kr/MWh i veke 53. Låg etterspørsel i julen og nyttårshelgen samt mindre forbruk til oppvarming jamført med Norden har medverka til låge prisar i Tyskland dei to siste vekene av 2009.

Sjælland skilte seg ut frå resten av Norden med prisar rundt 900 kr/MWh i ettermiddagstimane måndag og tysdag i veke 53. Det var ingen importkapasitet tilgjengeleg frå Sverige i desse timane som følgje av kapasitetsproblem mellom Nord og Sør-Sverige. Sjælland var dermed isolert frå resten av Norden og saman med låg vindkraftproduksjon medverka det til at prisane var meir enn 500 kr høgare enn i resten av Norden desse timane.

I dei andre nordiske elspotområda var det ein auke i prisane fram til nyttårsaften sist torsdag. Då fall prisane både som følgje av lågare etterspørsel og følgje av meir kjernekraftkapasitet etter at Forsmark 2 kom i drift igjen måndag kveld. Laurdag og Søndag gjekk Forsmark ut av drift igjen som følgje av vedlikehald. Det medverka til ein prisauke.

Varslar om kaldt og tørt vêr medverka til at prisane på terminkontraktane på auka frå veke 52 til 53. Prisen på førstekvartalskontrakten auka med 3 prosent. Prisen på andrekvartalskontrakten gjekk opp med 2 prosent. Dei tilsvarande kontraktane på den tyske kraftbørsen EEX fall med 1 og 2 prosent. Prisen på CO₂-utsleppsrettar gjekk ned med 2 prosent for både 2010- og 2011-kontraktane.

Sluttbrukar- prisar

Prisen på standard variabel kraftleveringskontrakt frå dominerande leverandørar tilbode for veke 2, 2010 gjekk noko opp frå veka før. Snittprisen hjå dei landsdekkjande leverandørane auka og på tilsvarande kontrakt tilbode for veke 2.

Prisen på ein marknadspriskontrakt i Sør-Noreg auka noko frå veka før. I Midt- og Nord- Noreg gjekk prisen valdsamt opp frå veke 50 til 51, men fall igjen i veke 52 og haldt seg uendra i veke 53. Skilnaden i pris mellom dei to nordlegaste spotområda og Sør –Noreg er no ikkje lengre særleg stor.

Prisen på den norske eittårige fastpriskontraktane i veke 53 auka noko frå veka før, medan prisen på den treårige kontrakten var uendra. Den svenske eittårige fastpriskontrakten gjekk noko ned målt i norske kroner.

Innhald


1. Magasinfylling	6
2. Tilsig og nedbørtilhøve	8
3. Produksjon, forbruk og utveksling	11
4. Kraftprisar	15
5. Kraftforbruk	20
6. Tilstanden til kraftsystemet	22

1. Magasinfylling


Tabell 1 Magasinfylling. Kjelde: NVE og Nord Pool Spot

	Prosent				Prosentteiningar		
	Veke 53 2009	Veke 52 2009	Veke 1 2009	Median veke 53	Endring frå sist veke	Differanse frå same veke i 2008	Differanse frå median
Norge	64.5	67.6	64.7	69.8	-3.1	-0.2	-5.3
NO1	65.4	68.7	65.7		-3.3	-0.3	
NO2	52.5	56.6	57.2		-4.1	-4.7	
NO3	66.1	68.4	64.7		-2.3	3.7	
Sverige	54.9	58.2	50.9	65.0	-3.3	4.0	-10.1


Figur 1 Fyllingsgraden til vassmagasina i Noreg. Prosent. Kapasitet=84,3 TWh. Kjelde: NVE



Figur 2 Vassmagasinas fyllingsgrad i Sverige. Prosent. Kapasitet=33,8 TWh. Kjelde: Svensk Energi



Figur 3 Vassmagasina sin fyllingsgrad for elspotområda NO1, NO2 og NO3. Prosent. Kjelde: NVE



2. Tilsig og nedbørtilhøve

Tabell 2 Tilsig og nedbør. Kjelde: NVE


TWh	Veke 53	Veke 53 Normal	Veke 1 - 53 2009	Veke 1 - 53 Normal	Prosent av normal veke	Differanse frå normal til no i år
Tilsig	0.5	1.1	124.9	122.5	45	2.4
Nedbør	1.1	3.1	119.0	122.5	36	-3.5

Tabell 2b Forventa tilsig og nedbør i inneverande veke. Kjelde: NVE


	TWh	Prosent av normal
Tilsig	0.5	48
Nedbør	0.8	27

For fleire detaljar når det gjeld vassføring i Noreg sjå: <http://www2.nve.no/h/hd/plotreal/>


Figur 4 Nyttbart tilsig i Noreg i 2008 og 2009, maks, min og gjennomsnitt for perioden 1970-1999, GWh. Kjelde: Nord Pool Spot og NVE



Figur 5 Nedbør i Noreg i 2008 og 2009, og gjennomsnitt for perioden 1970-1999, GWh. Kjelde: NVE




Figur 6 Temperaturar i Noreg i 2008 og 2009, og normalår (ref: 1961-90). Kjelde: Meteorologisk institutt



For fleire detaljar om snø, smelting, nedbør og temperatur, sjå: www.seNorge.no
Her fins blant anna kart med opplysningar om vær, vann og snø kvar einaste dag frå 1960 til og med i morgon.

Figur 7 Utviklinga av snømagasin for dei norske vassmagasina vintrane 2006-7, 2007-8 og 2008-9. Maksimum og minimum frå perioden 1971-2008. Kjelde: NVE



3. Produksjon, forbruk og utveksling

Tabell 3 Norsk produksjon, forbruk* og kraftutveksling. Alle tal i GWh. Kjelde: Nord Pool Spot

GWh	År Veke	2008		2009		Endring fra førre veke		Endring fra same veke i fjor	
		52	52	53					
Produksjon	NO1	2133	2152	2280	128	(6%)	148	(6.9%)	
	NO2	722	338	332	-6	(-1.8%)	-389	(-53.9%)	
	NO3	-	498	544	46	(9.2%)	-	-	
Norsk totalproduksjon		2857	2989	3157	168	(5.6%)	300	(10.5%)	
Forbruk	NO1	1966	2246	2402	155	(6.9%)	436	(22.2%)	
	NO2	755	482	476	-6	(-1.2%)	-279	(-36.9%)	
	NO3	-	382	394	12	(3.1%)	-	-	
Norsk totalforbruk		2720	3111	3272	161	(5.2%)	552	(20.3%)	
Import	NO1	-167	94	121	27		288		
	NO2	33	144	144	0		111		
	NO3	-	-116	-150	-34		-		
Norsk Nettoimport		-137	122	115	-7		252		

*Ikkje temperaturkorrigerde tal.

Tabell 4 Nordisk produksjon, forbruk* og kraftutveksling. Alle tal i GWh. Kjelde: Nord Pool Spot

GWh	År Veke	2008		2009		Endring fra førre veke		Endring fra same veke i fjor	
		52	52	53					
Produksjon	Norge	2857	2989	3157	168	(5.6%)	300	(10.5%)	
	Sverige	2575	2834	3059	225	(7.9%)	484	(18.8%)	
	Finland	1303	1590	1734	144	(9.1%)	431	(33.1%)	
	Danmark	636	798	715	-83	(-10.4%)	79	(12.4%)	
	Jylland	419	505	450	-55	(-10.9%)	31	(7.4%)	
	Sjælland	216	293	265	-28	(-9.6%)	49	(22.7%)	
Nordisk totalproduksjon		7371	8211	8665	454	(5.5%)	1294	(17.6%)	
Forbruk	Norge	2720	3111	3272	161	(5.2%)	552	(20.3%)	
	Sverige	2919	3224	3450	226	(7%)	531	(18.2%)	
	Finland	1376	1669	1855	186	(11.1%)	479	(34.8%)	
	Danmark	651	690	692	2	(0.3%)	41	(6.3%)	
	Jylland	368	395	393	-2	(-0.5%)	25	(6.8%)	
	Sjælland	283	295	299	4	(1.4%)	16	(5.7%)	
Nordisk totalforbruk		7666	8694	9269	575	(6.6%)	1603	(20.9%)	
Import	Norge	-137	122	115	-7		252		
	Sverige	344	390	391	1		47		
	Finland	73	79	121	42		48		
	Danmark	15	-108	-23	85		-38		
Nordisk nettoimport		295	483	604	121		309		

*Ikkje temperaturkorrigerde tal.


Utviklinga i kraftproduksjon og forbruk

Tabell 5 Produksjon, forbruk og utveksling så langt i år. Kjelde: Nord Pool Spot


Norden (TWh)	Til no i år*	Same periode i fjor	Endring
Produksjon	363.9	391.4	-27.5 (-7%)
Forbruk	372.1	390.0	-17.9 (-4.6%)
Nettoimport	8.2	-1.4	9.6
Norge (TWh)	Til no i år*	Same periode i fjor	Endring
Produksjon	129.7	140.9	-11.1 (-7.9%)
Forbruk	120.5	127.3	-6.8 (-5.3%)
Nettoimport	-9.2	-13.6	4.3

*T.o.m veke 52 2009

Figur 8 Produksjonsutvikling i dei nordiske landa, 2008 og 2009, GWh. Kjelde: Nord Pool Spot




Figur 9 Forbruksutvikling i dei nordiske landa, 2008 og 2009, GWh. Kjelde: Nord Pool Spot




Utveksling

Figur 10 Nettoutveksling pr. veke for Noreg og Norden, 2008 og 2009, GWh. Kjelde: Nord Pool Spot



Figur 11 Import og eksport mellom dei nordiske landa og frå/til tilgrensande område i veke 53 i 2009 (veke 52). Alle tal i GWh. Kjelde: Nord Pool Spot*




* Tala i figur 11 er ikkje avstemt mot tala i tabell 3 og 4, og det eksisterer avvik i forhold til netto handelstal i tabell 3 og 4. Kraftflyten mellom Sverige og dei norske elspotområda NO2 og NO3, og utveksling internt i Noreg er basert på planlagt elspotflyt. Tala vil avvike frå faktisk utveksling ved endringar i driftsforholda.

4. Kraftprisar Engrosmarknaden


Tabell 6 Kraftprisar nordiske elspotområder. Vekesnitt. Kjelde: Nord Pool og EEX

kr/MWh	Veke 53 2009	Veke 52 2009	Veke 52 2008	Endring veke		Endring fra i fjor	
NO1	334.4	321.5	388.5	12.9	(4%)	-54.2	(-14%)
NO2	355.2	344.4	396.7	10.8	(3%)	-41.5	(-13%)
NO3	355.2	344.4	396.7	10.7	(3%)	-41.6	(-13%)
Sverige	355.2	344.4	396.7	10.7	(3%)	-41.6	(-13%)
Finland	355.2	339.2	376.1	15.9	(5%)	-20.9	(-10%)
Jylland	311.6	245.3	388.1	66.3	(27%)	-76.5	(-37%)
Sjælland	391.6	351.1	412.9	40.5	(12%)	-21.2	(-15%)
System	339.0	325.9	393.3	13.1	(4%)	-54.3	(-17%)
Tyskland	263.3	179.8	339.8	83.6	(46%)	-76.5	(-47%)

Figur 12 Vekegjennomsnitt for døgmarknadspis (elspotprisen) for prisområde NO1 og European Electricity Exchange (EEX), 2008 og 2009, kr/MWh. Kjelde: Nord Pool Spot og EEX



Figur 13 Spotprisar i Norden og Tyskland i veke 53, kr/MWh.




Kjelde: Nord Pool Spot og EEX

Terminmarknaden


Tabell 7 Terminprisar, nordisk og tysk kraft, samt kvotar. Kjelder: Nord Pool og EEX. Prisane i tabellen er sluttprisar fredag i den aktuelle veka.

			Veke 53	Veke 52	Endring	
Elektrisitet kr/MWh	NordPool	1.kvartal 2010	355.3	344.5	10.8	(3%)
		2.kvartal 2010	328.5	320.6	7.9	(2%)
	EEX	1.kvartal 2010	356.2	358.6	-2.4	(-1%)
		2.kvartal 2010	329.3	334.8	-5.5	(-2%)
CO2 kr/tonn	NordPool	2010	105.9	108.4	-2.5	(-2%)
		2011	110.9	113.0	-2.1	(-2%)


Figur 14 Daglege sluttprisar for enkelte typar kontraktar i den finansielle kraftmarknaden siste tolv månader, kr/MWh. Kjelde: Nord Pool Spot og EEX



Figur 15 Daglege sluttprisar for utslippskvotar på CO₂, kr/tonn. Kjelde: Nord Pool Spot



Figur 16 Valutakurs, norske kroner mot Euro. Kjelde: Nord Pool Spot




Sluttbrukarprisane


Tabell 8 Sluttbrukarprisar. Kjelde: Konkurransetilsynet

Øre/kWh		Veke 2*	Veke 1	Endring veke 55 - 54
Standard variabel	Volumvege snitt	45.7	41.5	4.2
	15 billegaste landsdekkjande	36.5	34.1	2.3
		Veke 53	Veke 52	Endring veke 53 - 52
Marknadspris	NO1	43.7	42.1	1.6
	NO2	45.0	45.0	0.0
	NO3	45.0	45.0	0.0
		Veke 53	Veke 52	Endring veke 53 - 52
Fastpris	1 år (snitt Noreg)	43.3	42.8	0.5
	3 år (snitt Noreg)	46.2	46.2	0.0
	1 år (snitt Sverige)	49.2	49.8	-0.6

Figur 17 Utviklinga i standard variabel kraftpris siste 52 vekene for dominerande leverandør (volumvege snitt), gjennomsnittet av landsdekkjande leverandørar og ein tenkt spotpriskontrakt med påslag på 1,9 øre/kWh. Alle prisar inkludert mva. Prisar for standard variabel kontrakt meldas to veker fram i tid. Kjelde: Konkurransetilsynet og NVE



Figur 18 Utviklinga i 1-årige norske og svenske fastpriskontraktar med årleg forbruk på 20 000 kWh for dei siste 52 vekene. Dei svenske prisane er oppgjeve inklusive kostnader til elsertifikat. Alle prisar inkl. mva. Aritmetisk gjennomsnitt for 36 svenske og 15 norske leverandørar, norske øre/kWh. Kjelde: Montel og Konkurransetilsynet




5. Kraftforbruk


Tabell 9 Forbruk, temperaturkorrigert. Kjelde: Nord Pool Spot og Svensk energi

		GWh	GWh	TWh	TWh	GWh	TWh	
		Veke 52	Veke 51	Veke 1 - 52 2009	Veke 1 - 52 2008	Endring uke	Endring hittil i år	
Noreg	Alminneleg forsyning temperaturkorrigert	2310	2285	89.1	90.4	25	-1.3	(-1%)
	Kraftintensiv industri	531	525	26.5	33.3	6	-6.8	(-20%)
	Elektrokjelar	117	118	4	3.9	-1	0.1	(3%)
	Totalforbruk temperaturkorrigert	2993	2979	123.1	131.3	14	-8.2	(-6%)
Sverige	Totalforbruk temperaturkorrigert	3047	3254	137.3	147.6	-207	-10.3	(-7%)


Figur 19 Temperaturkorrigert totalforbruk i Noreg. GWh. Kjelde: Nord Pool Spot




Figur 20 Temperaturkorrigert forbruk i alminneleg forsyning i Noreg. GWh. Kjelde: Nord Pool Spot




Figur 21 Forbruk i kraftintensiv industri i Noreg. GWh. Kjelde: Nord Pool Spot



Figur 22 Forbruk i elektrokjellar i Noreg. GWh. Kjelde: Nord Pool Spot



Figur 23 Totalt kraftforbruk i Sverige, temperaturkorrigerede tall. GWh. Kjelde: Svensk Energi



6. Tilstanden til kraftsystemet¹

Det er vedlikehaldsarbeid på linjenett og ved kraftstasjonar fleire stader i Norden. For meir informasjon om linjer og kraftverk viser vi til Nord Pool Spot sine heimesider.

- På grunn av arbeidet med Oslofjordkablane har det i lengre tid vore redusert kapasitet mellom Sør-Noreg (NO1) og Sverige. 16. oktober var Oslofjord-forbindelsane tilbake i ordinær drift. Kapasiteten i retning Sverige vil likevel i periodar kunne bli redusert til ned mot 600 MW grunna redusert kapasitet på kabelen Rød-Hasle. Dette vil avhenge av utvekslinga mellom Sør-Noreg og Danmark/Nederland samt fordelinga av produksjon og forbruk på norsk side. I følgje Statnett vil dette halde fram til kablane over Oslofjorden er oppgraderte.
- I følgje den estiske systemoperatøren vil det i periodar kunne vere redusert eksportkapasitet frå Estland til Finland (350 MW) ned mot 0 MW. Det avhenger av temperaturar og lastsituasjonen i det estiske systemet.
- Statnett melder om at kapasiteten frå NO1 til Sverige (2050 MW) kan bli redusert til null som følgje av forventningar om høg last i perioden 1. januar til 1. mars.
- Det norske vasskraftverket Lang Sima 2 (250 MW) var ute av drift natt til måndag grunna teknisk feil.
- Det norske gasskraftverket Kårstø 1 (420 MW) hadde redusert kapasitet til 120 MW natt til sist søndag som følgje problem med dampkvaliteten.
- Det svenske kjernekraftverket Forsmark 2 (990 MW) starta opp igjen 28. desember etter å ha vore ute til årleg vedlikehald sia 13. september. Frå 2. til 3. januar var kjernekraftverket ute igjen som følgje av vedlikehald. Produksjonskapasiteten vil gradvis auke dei to første veke i januar.
- Det svenske kjernekraftverket Oskarshamn 3 (1400 MW) var tilbake i drift søndag 13. desember etter å ha vore ute til vedlikehald sidan 1. mars. 14. desember gjekk kraftverket ut av drift grunna feil. 17. desember kom verket tilbake i drift med ein kapasitet på 300 MW. Produksjonskapasiteten vil gradvis aukas mot 1400 MW til 15. februar 2010.
- Det svenske kjernekraftverket Ringhals 1 (855 MW) har vore ute til årleg vedlikehald sidan 15. mars. Planlagt oppstart er utsett grunna lisensieringsprosess og planlagt oppstartsdato er 1. februar 2010.
- Det svenske kjernekraftverket Ringhals 2 (866 MW) har vore ute på grunn av revisjon sidan 24. mai. Oppstarten er forsinka til 25. januar 2010.
- Kolkraftverket Ensted 3 (670 MW) på Jylland vil vere ute av drift frå 4. til 22. januar som følgje vedlikehald.
- Kolkraftverket Fyn 1 på Jylland var ute av drift frå 1. til 3. januar grunna vedlikehald.
- Kolkraftverket Stignæs 2 på Sjælland (260 MW) var ute av drift frå 29. til 31 januar som følgje av feil.
- Kolkraftverket Asnæs 5 på Sjælland (640 MW) var ute av drift frå 25. til 30. januar som følgje problem med lekkasje.
- Kolkraftverket Studstrup 4 (380 MW) var ute 27. til 28. desember grunna tekniske problem.

¹ Kjelde: <http://www.nordpool.no> ("Urgent Market Messages (UMM)").

- UPM Kymmene sine papirmøller (445 MW) i Finland hadde ikkje forbruk 22. desember til 4. januar som følgje av vedlikehald.
- Det finske gasskraftverket Suomenoja 3 (234 MW) var ute av drift frå 28. til 30. desember grunna tekniske problem.
- Det finske kolkraftverket Kriisiina 2 (240 MW) var ute av drift frå 26. til 31. desember grunna bytte av kjølevannspumpe.